



Kafestemning i Bamsebu

Allereie før pengetellinga kan det slåast fast at dagens kafedrift i vår kommunale barnehage vart ein suksess.

Sal av kaker, saft, kaffi og kunst ga ein pen sum til eit godt føremål - born i Nepal og andre land. i Asia og Afrika. Leiinga antar at meir enn 70 tok imot invitasjonen til Forut kafe. Både foreldre og besteforeldre møtte fram og var rause.



Kunsten er enno ikkje seld ut i småbarnsavdelinga

Ungane hadde på si side vore svært flinke i førebuingane, dei hadde både baka og laga kunst og utsalsprisane var utruleg gunstige. Til dømes kosta kakene 10 kroner og kunsten 30 og dei som forsømte seg kan framleis sikra seg fargerike kunstverk i småbarnsavdelinga.

I det heile eit godt tiltak med eit pedagogisk bakteppe.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen